

**Energidepartementet**

Akersgata 59

PB 8148 Dep

0033 OSLO

Epost: postmottak@ed.dep.no

Dykkar ref. : 2023/3883

30.08.2024

Dykkar saksbehandlar : Tuva Hassel

Vår ref. : 1765968 / 2

Vår saksbehandlar : Håvard Nordvik / haavard.nordvik@sfe.no

Høyringsmerknad til foreslåtte endringer i energiloven (tidlig saksavslutning mv.)

Vi viser til høyring om endringer i energilova med forslag blant anna om ny heimel for tidleg saksavslutning, avvising av mangelfulle meldingar og søknader om konsesjon, innføring av henteplikt for områdekonsesjonærar, modernisering av søknadsreglane, utviding av konsesjonar sin maksimale varigheit, lovregulering av detaljplanfasen, nye fristar for framdrifta i nye energiprojekt, endringer i omgjeringsreglane, samt også ny heimel for å pålegge etterundersøkingar.

Våre merknader til endringsforslag i denne høyringa er gjengitt punktvis nedanfor:

I. Forslag om heimel for tidleg saksavslutning av melding (kap 4.2)

To av kriteria som vert foreslått for tidleg avslutning av behandling av melding er:

- c) Det planlagde tiltaket er helt eller delvis plassert i et område med særleg fare for naturskade
- d) Det planlagde tiltaket vil medføre vesentleg negative verknader for miljø eller annan arealbruk

For at desse kriteria skal kunne vurderast vil det i dei aller fleste saker forutsette ei detaljert konsekvensutgreiing. Som ED sjølv antydar under dette forslaget

er det ein viss risiko for at behandlinga vert avslutta på grunn av uriktig eller mangelfullt kunnskapsgrunnlag.

Forslag til justering/ending:

SFE tilrår ei omformulering og ending av desse to kriteria, der det kan påleggast ein avgrensa konsekvensutgreiing av desse to kriteria før det blir teke stilling til om saka kan behandlast vidare og få tildelt eit KU program. I tillegg må det definerast kva som er skilnaden mellom omgrepa «naturskade» og «vesentleg negative verknader for miljø».

II. Forslag til heimel om tidsfrist for konsesjonssøknad etter tildelt KU program (kap. 4.2)

Det synes i utgangspunktet rimeleg med ein tidsfrist om for innsending av konsesjonssøknad seinast to år etter at KU program er tildelt.

Forslag til justering/ending:

Det bør presiserast at denne tidsfristen er under føresetnad av at utgreiingsprogrammet ikkje gir pålegg om nye undersøkingar med varigheit utover to år. Ein slik tidsfrist må også forankrast i ein tilsvarande tidsfrist overfor NVE si saksbehandlingstid frå mottatt melding til tildeling av KU program på maks 6 månader. Tiltakshavar som skal sikre nødvendig faglege ressursar til gjennomføring av eit KU program er avhengig av ein forutsigbar tidsramme for når KU arbeidet kan starte opp for nettopp å kunne overhalde ein tidsfrist på to år. Det bør også vere ein tidsfrist knytt til NVE si sakshandsamingstid frå motteken konsesjonssøknad til vedtak er fatta på 6 til maksimalt 12 månader.

III. Forslag om innføring av henteplikt for områdekonsesjonærar (kap. 5.2)

Departementet forslag om å innføre henteplikt i form av ei plikt for områdekonsesjonærar om tilknytning av produksjon opp til og med 22kV driftsspenning synes som eit godt forslag. Imidlertid medfører ei slik henteplikt ein rekke problemstillingar som må klargjerast og/eller tilleggsregulerast:

- a) Vil oppfattar at henteplikta, ikkje berre innebere pålegg om å bygge produksjonsnettanlegg, men også eit pålegg overfor områdekonsesjonær om å eige og drifte nettanlegg av typen produksjonsanlegg med 22kV driftsspenning. I utgangspunktet er områdekonsesjonær av omsyn til effektivitetskrav i inntektsramma i dag lite interessert i å eige og drifte verken produksjonsanlegg eller produksjonsrelaterte nettanlegg.

Forslag til justering: Hentepliktens innverknad på klassifisering og tariffing av 22kV produksjons/produksjonsrelaterte nettanlegg bør utdjupast.

- b) Vi oppfattar at hentepliktforslaget inneber at ein områdekonsesjonær er pliktig til å bygge eit 22kV produksjonsnett også for eit vindkraftverk med intern 22kV spenning. Departementet skriv at det er få vindkraftverk opp til og med 22kV driftsspenning. Dette er ikkje SFE sitt inntrykk. Vindkraftverk med ytelse frå 20MW og mindre vil som hovudregel bli bygd med 22kV internspenning. I nokre tilfeller, som f.eks Lutelandet Vindkraftverk 51MW, er det i samråd med områdekonsesjonær valt 22kV internspenning kun av omsyn til framtidig forsyning/tilknytning av lokalt 22kV distribusjonsnett. Dette er ei samfunnsøkonomisk valt design løysing. Det er ikkje ønskjeleg at områdekonsesjonær skal eige og drifte det interne 22kV nettet i eit vindkraftverk fram til den enkelte vindturbin då dette er eit produksjonsanlegg som kraftverkseigar ønskjer å ha kontroll over.

Forslag til justering/ending: Henteplikten verkeområde skal ikkje omfatte interne produksjonsanlegg bak tilknytingspunkt/innmatingspunkt for kraftparker. Vil anta at same problemstilling er gjeldande for ein vilkårleg kraftpark anten produksjonsanlegget har ein parktransformator eller kunn eit koplingsanlegg i 22kV tilknytingspunkt, som vi har fleire eksempel på i vårt område.

- c) Henteplikten må ikkje fremme suboptimale systemløyningar der det blir valt 22kV driftsspenning framfor høgare spenningsnivå ved design av produksjonsanlegg kunn av omsyn til at områdekonsesjonær sin henteplikt skal utnyttast.

Forslag til justering/ending: For at henteplikten skal effektuerast, skal det framleggast ein teknisk-økonomisk analyse som viser at 22kV systemspenning er det mest teknisk-økonomisk optimale løysinga for produksjonsanlegget.

- d) Som departementet nemner, vil henteplikten medføre økt arbeidsmengde for områdekonsesjonær knytt til prosjektering, bygging, drift/eigarforhold av nettanlegg. Vårt inntrykk er at områdekonsesjonærane allereie er overbelasta på mange av desse oppgåvene og vi fryktar vesentleg tidsforsenking i prosjektutvikling dersom områdekonsesjonær skal stå for prosjektering og bygging av produksjonsnettanlegg under henteplikten.

Forslag til justering/ending: Områdekonsesjonær skal sikre nødvendig framdrift i prosjektering/bygging av nettanlegg under henteplikten, og skal

om nødvendig inngå avtaler med kraftverkseigar for sikre best muleg framdrift.

IV. Forslag om modernisering av søknadsreglane og kostnader ved kunngjering av konsesjonsvedtak (kap 6.2 og 7.2)

SFE Produksjon saknar ein kommentar under kapittel 7.2 om krav til dokumentasjon av kostnader som skal dekkast av tiltakshaver ved kunngjering av eit konsesjonsvedtak. Utover dette har SFE Produksjon ingen kommentarar til denne delen av høyringsforslaget (kap 6 og 7) og støttar forslaget forøvrig.

V. Forslag om utviding av konsesjonar si maksimale varigheit (kap 8.2)

SFE Produksjon har ingen kommentarar til denne delen av høyringsforslaget og støttar forslaget.

VI. Forslag om lovregulering av detaljplanfasen (kap 9.2)

I utgangspunktet støttar SFE Produksjon forslaget om å innføre en bestemmelse i energilova om krav til detaljplan for nye anlegg med anleggskonsesjon. Med omsyn med innføring av byggefrister i påfølgande endringsforslag i kap 10.2, må også tilsvarende krav til tidsfristar for både tiltakshavars innsending og NVEs godkjenning av detaljplan innførast i denne delen av lovreguleringa. Å innføre ein tidsfrist om utbygging og idriftsetting referert konsesjonstildeling, er lite hensiktsmessig utan at tilsvarende tidsfrist krav er gjeldande for detaljplan fasen. Utbyggingserfaring tilseier at for tidkrevjande MTA/detaljplan prosess, spesielt vedtaksprosess, er ein hovudutfordring med tanke på ferdigstilling og idriftsetting av eit anlegg.

Forslag til justering/ending: Det bør innførast ein tidsfrist på 6 månader for tiltakshavars innsending MTA/detaljplan til NVE og ein tidsfrist på 6 månader for tildeling av MTA vedtak. Etter det nye regelverket skal planvedtak frå kommunen i vindkraftsaker allereie føreligge som del av konsesjonsvedtaket.

VII. Forslag om nye byggefristar i nye energiprosjekt (kap 10.2)

I utgangspunktet støttar SFE Produksjon forslaget om å innføre en bestemmelse i energilova om byggefrist og idriftsetting med omsyn på å sikre nødvendig framdrift. I alle vedtak om anleggskonsesjon blir det alltid oppgitt ein byggefrist, men ei slik lovregulering har likevel ein nytteverdi som overordna krav. Imidlertid medfører ei slik «kraftig» lovregulering problemstillingar som må klargjerast. Tiltakshaver kan ikkje klandrast for brudd på tidfristar ved forsinkelsar som skuldast eksterne forhold f.eks fysisk hinder av byggearbeid som vi har vore erfart eksempelvis ved demonstrantar, eller forseinkingar

forårsaka av myndigheitsapparat sjølv. Ei heller forsinka MTA/detaljplan vedtak jfr. forslag i pkt over skal hensyntakast ved fastsetting av byggefrist og idriftsettingsfrist.

Forslag til justering/ending: Definisjon av byggefrist og idriftsettingsfrist skal refererast vedtaksdato for MTA og detaljplan. Tiltakshavers overhalding av fristane skal ikkje påverkast av eksterne forhold tiltakshaver ikkje kan påverke.

VIII. Forslag til endringar i omgjæringsreglane og heimel for pålegg om etterundersøkingar (kap 11.2)

SFE Produksjon har ingen kommentarar til denne delen av høyringsforslaget og støttar forslaget.

Vi håper våre kommentarar kan takast omsyn til i den oppdaterte versjonen av energilova.

Venleg helsing
SFE Produksjon AS



Knut Arild Flatjord
Produksjonsdirektør



Bjarte Lofnes Hauge
Kraftverkssjef